



VIK KOMMUNE  
Postboks 134  
6891 VIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Toril M Mulen, 5764 3127

# Vedtak om løyve etter forureiningslova for Vik kommune – Hesjaslettet

Vi viser til søknad datert 19. oktober 2022 om endring av løyve til kompostering av park- og hageavfall, og til korrespondanse elles i saka.

## 1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Vik kommune løyve til mottak, kompostering og mellomlagring av park- og hageavfall og flis, spon og bark (strømateriale). Løyve med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29.

Vik kommune skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret vert fastsett til 37 400 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

### 1.1 Fristar

Innan 20. juni 2023 skal måleprogrammet sendast til Statsforvaltaren for godkjenning.

Innan 31. desember 2023 skal overvakingsprogram sendast Statsforvaltaren for ev. merknadar.

Innan 1. desember 2024 gjere ei vurdering av utsleppsmengda av TOC, og utrede korleis verksemda kan komme ned med utsleppa frå 120 til 60 mg/l TOC.

Innan 31. desember 2024 skal system for energileiing vere etablert.

Innan 1. mars 2025 skal første overvakingsrapport leverast.

Innan 1. mars kvart år skal Vik kommune rapportere miljødata og eventuelle avvik for føregående år til Statsforvaltaren.

Sjå også løyve.



## 2 Kort om bakgrunnen for saka

Vik kommune har søkt om kompostering av 400 tonn park- og hageavfall årleg, inkludert mottak av inntil 50 rundballar/år til kompostering. Rundballar «til overs» vil såleis komme i meir ordna former, der ein unngår å venne hjorten til å ete rundballar, og der ein dempar plastforsøpling frå rundballar på avvegar. Etter avslutta anleggsperiode på Goteviktunellen ønskjer Vik kommune å nytte deler av arealet på Hesjaslettet til lagring og handtering av park- og hageavfall for Vik kommune. Kommunen ønskjer å selje matjord av ferdig kompost. I søknaden frå kommunen datert 23. juli 2021 er det beskrive at det er etablert grøft på nedsida av anlegget langs elva Vikja som går til eige basseng. Dei skriv sjølv at dette reinseanlegget samlar opp overflatevatn frå området før det går vidare til kum, og før det renn ut i Vikja. Desse sedimentasjonsgrøftene vart etablert for reinsing av avrenning frå deponering av steinmassar etter Goteviktunnelen.

I brev til Vik kommune datert 1. mars 2022 skriv vi: *«Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve til eit avfallsanlegg som kan endre vasskvaliteten, og med det påføre laksen skade. Når kommunen ønskjer at avfallet skal handterast og lagrast utandørs istadenfor under tak, så må kommunen dokumentere at denne handteringa og lagringa ikkje fører til ekstra næringstilførsel til elva Vikja. Avfallsanlegget vil vere om lag 30 høgdemeter over elva. Så lenge anlegget er ope for vêr og vind, så vil det føre til avrenning ifrå anlegget, og avrenning kan endre vasskvaliteten i elva. Kommunen har opplyst at dei har laga ei oppsamlingsgrøft berekna på å samle opp finstoff frå sprengstein, men har ikkje lagt ved dokumentasjon som viser at oppsamlingsgrøftene vil hindre avsig av næringsstoff til elva».*

Som svar på dette har kommunen lagt fram notat datert 30. mai 2022 utarbeidd av Norconsult på oppdrag frå kommunen. Denne beskriv korleis ein kan reinse overvatn ved hjelp av to separate reinsebasseng, og at vatnet vert reinsa i filterlaget i infiltrasjonsgrøftene med etterfølgande infiltrasjon i sprengsteinfyllinga. Det vert vist til at det er lite litteratur å finne om reinsing av overvatn frå komposteringsanlegg, og i notatet vert det vist til eit anlegg for kompostering på Austlandet, og til Statens Vegvesen sin rapport nr 295:2014 om vannbeskyttelse i vegplanlegging og vegbygging som rettesnor for dimensjonering av reinsebassenga.

Vik kommune fekk løyve etter forureiningslova til kompostering av park- og hageavfall datert 27. juni 2022. Vik kommune søkte 19. oktober 2022 om endring av løyvet datert 27. juni 2022. Endringa som kommunen søkjer om er å kunne kompostere park- og hageavfall utandørs utan tak.

Etter at kommunen har søkt om endring av løyve til kompostering har dei lagt fram eit nytt notat frå Norconsult datert 10. oktober 2022. Dette notatet legg fram forventa påverknad av vasskvaliteten i elva Vikja ved kompostering av park- og hageavfall utan tak.

### 2.1 Rettsleg utgangspunkt

#### **Forureiningslova**

Når Statsforvaltaren vurderer om løyve til forureinande verksemd skal verte gitt, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanlikna med fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg ta i betraktning i kva grad den omsøkte verksemda er akseptabel sett i lys av forureiningslova sitt føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2.

#### **Naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova sitt forvaltningsmål i §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltaren si myndigheitsutøving. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-



tilnærming og samla belastning leggst til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren fattar avgjerd som omhandlar naturmangfald.

### **Vassforskrifta**

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021 med mindre det er gitt unntak med heimel i forskrifta § 9 eller § 10.

### **Nasjonalt prioriterte stoff**

Statsforvaltaren har eit mål om å kontinuerleg redusere utslepp av nasjonalt prioriterte stoff (sjå vedlegg 1 i løyvet) slik at utslepp av slike stoff blir stansa.

## **3 Statsforvaltaren si vurdering**

### **3.1 Grunngeving for vedtaket**

#### **Forhold til plan**

Verksemnda vil foregå på eit område som er regulert til steinbrot og masseuttak. I detaljreguleringsplan for Hesjaslettet av 2016 (PlanID: 1417 – 2014004) er grøntkompostplass omtalt som bruk etter anleggstida på Gotevik-tunellen.

#### **Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta**

Kommunen har søkt om at aktiviteten skal gå føre seg utandørs og at ein kan følgje med utslepp til Vikja ved å gjere målingar. Vikja er ei nasjonal lakseførande elv og våre elvestrengar er næringsfattige. Dersom det vert tilført nærings salt til Vikja, kan det føre til eutrofiering (auka planteproduksjon). Vår vurdering er at dersom skaden først har skjedd, så er skaden irreversibel. Vi vurderer derfor at det er nødvendig å legge føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 til grunn.

Kommunen har lagt fram notat utarbeidd av Norconsult som viser berekningar på estimert utslepp til elva Vikja etter reinsebasseng.

Med krava som er sett i løyvet vurderer vi at ulempene for miljøet ved komposteringsanlegget vil vere akseptable, og at aktiviteten ikkje vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet eller vere til hinder for å nå måla i vassforskrifta.

#### **Konklusjon**

Statsforvaltaren har konkludert med at verksemnda er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved verksemnda samanlikna med fordelar og ulemper verksemnda elles vil medføre, gir vi løyve til verksemnda på nærmare fastsette vilkår.

### **3.2 Grunngeving for utvalde vilkår og krav**

#### **3.2.1 Utsleppsavgrensingar (punkt 3.1 i løyvet)**

Vi har sett vilkår om at utslepp frå verksemnda til vassførekomsten Vikja nedstrøms Hove kraftverk Vann-nett ID 070-133-R ikkje skal føre til nemneverdig forureining i vatn, sediment eller biota utover nærsona til utsleppspunktet. Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate.



### **3.2.2 Utslepp frå punktkjelder (punkt 3.1.1 i løyvet) og diffuse utslepp (punkt 3.1.2 i løyvet)**

Vi har sett vilkår om at verksemda ikkje skal ha punktutslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering eller under tak. Vi har også sett vilkår om at verksemda skal sørge for at handtering av avfall og utsorterte fraksjonar ikkje fører til forureinande utslepp til vatn ved diffuse utslepp.

Grunnlaget for desse vilkåra er at Vikja er eit nasjonalt laksevassdrag, noko som betyr at laksen skal sikrast eit særleg vern mot inngrep/tiltak. I nasjonale laksevassdrag skal ein ikkje setje i gang nye tiltak/inngrep som kan skade villaksen. [Dette er heimla i lakse- og innlandsfisklova § 7a](#) og vist til i [NOU 32. S 73](#).

Kommunen har lagt fram notat datert 10. oktober 2022 utarbeidd av Norconsult som viser berekning av forventna påverknad av komposteringsanlegget på vasskvaliteten i elva Vikja. Vi legg notatet til grunn og gir utsleppsgrenser for forureina avløpsvatn med krav om målingar (tabell 3.1 i løyvet, jamfør punkt 11.2 i løyvet).

Vilkåra er sett etter fagleg skjønn og er basert på tilstanden i Vikja. Statsforvaltaren vurderer at det vil vere mogleg for Vik kommune å overhalde vilkåra utan urimelege tiltak.

Vi har sett krav om utredning av utsleppet av ammonium. Det vil i etterkant kunne bli sett utsleppsgrenser for ammonium i tillegg til dei komponentane som er nemnt i tabell 3.1 i løyvet.

### **3.2.3 Utsleppsreducerande tiltak (punkt 3.1.2 i løyvet)**

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall og eventuelt spyle- og vaskevatn skal reknast som forureina avløpsvatn.

Verksemda pliktar å nytte seg av beste tilgjengelege teknikkar som gjeld denne type verksemder. Dersom miljøovervakinga viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemda pliktig til så snart som praktisk mogleg å utbetre forholda.

Vilkåra er sett av di elva Vikja er ein sårbar resipient og avfallsanlegget skal ikkje forringe økologisk tilstand i vassførekomsten.

### **3.2.4 Utslepp til luft (punkt 4.2.1 luktavgrensing i løyvet og punkt 4.2.6 støv i løyvet)**

Kompostering av park- og hageavfall kan føre til lukt. Kverning, sikting, transport og lagring av avfall kan føre til støv. Verksemda skal drivast slik at lukt- og støvulemper blir avgrensa mest mogleg.

Vilkåret er sett for å unngå plagsam lukt ved omkringliggende bustadar og institusjonar.

Luktrisikovurdering (punkt 4.2.2 luktrisikovurdering i løyvet) skal gjennomførast i tråd med anbefalingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar TA 3019/2013. Det er sett vilkår (punkt 4.2.6 støv i løyvet) om at det skal lagast planar for å førebyggje og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering punkt 12.1 i løyvet.

### **3.2.5 Utsleppskontroll (punkt 11.2 utsleppskontroll i løyvet)**

Vi har sett krav i løyvet om at det skal takast minimum 6 målingar av ammonium i elva/år i eit år. Regulanten av elva har ikkje krav i konsesjonsvilkåra til minstevassføring, og Vik jakt- og fiskelag har uttalt at det tidvis er lite vatn i elva, og at dei er bekymra for at forureining kan slå ut rognutsett fisk i elva. Det er viktig å ha målingar på ammonium. Dersom nivåa av ammonium er høgt, spesielt om sommaren, så er det dødeleg for fisk. Vi har ikkje sett grenser for eventuelt utslepp av ammonium i



løyvet, men vi vil vurdere å sette grenser for eventuelle utslepp av ammonium, etter ei vurdering av om verdiane som vert funne er akseptable for livet i elva.

## 4 Faktagrunnlag

### 4.1 Kort beskriving av verksemda og utsleppa

Vik kommune skal ta imot inntil 400 tonn park- og hageavfall (inkludert inntil 50 rundballar) årleg for kompostering. Ferdig kompost kan ligge på anlegget i inntil 12 månader før sal.

### 4.2 Resipientbeskriving og miljøtilstand

#### 4.2.1 Tilstand i vassførekomsten

Klassifisering i Vann-Nett:

#### **Vikja nedstrøms inntak Hove kraftverk (070-133-R)**

Avfallsanlegget for kompostering av park- og hageavfall på Hesjaslettet ligg om lag 30 høgdemeter ifrå elva Vikja. Vikja er eit nasjonalt laksevassdrag. I dag er elva registrert med moderat økologisk potensial og udefinert kjemisk tilstand.

#### 4.2.2 Trua artar og naturtypar

Det er registrert fleire sårbare fugleartar i området.

## 5 Saksgang

Statsforvaltaren handsamar søknadar i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

### 5.1 Førehandsvarsel og uttalar

Saka er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5. Frist for å gje uttale var 16. desember 2022. Det kom inn ein uttale i samband med førehandsvarslinga.

Vik jakt- og fiskelag kom med uttale til førehandsvarslinga. Dei reagerer på at det kun er etablert sikring mot avrenning frå sprengningsstøv og finmassar, og ikkje tilsig frå kompostering. Dei skriv vidare at Vikja er ekstra sårbar i dette området då vasstanden er kraftig regulert ned. Dei påpeikar også at det heller ikkje er krav til minstevassføring i konsesjonskravet til regulanten i dag. Jakt- og fiskelaget skriv at det kan vere så lite som 80 – 100 liter. I slike situasjonar vert mange gyteområde tørrlagde. Det er verste er likevel faren for konsentrasjonsauke av forureining, skriv dei. Vik jakt- og fiskelag skriv dei forventar at sikring av tilsig til Vikja vert overhelde, og at det ikkje vert gitt løyve til utslepp til elva ved Hesjaslettet før drenering for avrenning og kompost er på plass.

### 5.2 Vik kommune sitt svar på uttalen frå Vik jakt- og fiskelag

Vik kommune har 11. april 2023 svart på uttalen frå Vik jakt- og fiskelag. Vik kommune skriv at Norconsult har teikna og berekna ei fullgod løysing med avrenningsbasseng for oppsamling av nærings salt og anna forureining. Vidare skriv kommunen at ved låg vassføring og lite nedbør vil det ikkje kome ekstra forureining til vassdraget. Når det gjeld Vik jakt- og fiskelag sitt innspel om at dei ser med overrasking på at det berre er etablert sikring mot avrenning frå sprengningsstøv og



finmassar og ikkje tilsig frå kompostering svarar kommunen at jakt- og fiskelaget uttalar seg på grunnlag av teikningar frå anlegget med Goteviktunnellen, og at teikningane og beskrivingane frå Norconsult ikkje er vurdert i denne samanhengen. Når det gjeld Vik jakt- og fiskelag sin uttale om at ved punktutslepp eller utslepp generelt er dette katastrofalt for livet i elva, så svarar kommunen at ved ekstremt store vassmengder i vassdraget, flom og dårleg vèr kan dei planlagde reinsebassenga fløyne over og tilføre Vikja meir forureining enn vanleg. Kommunen skriv vidare at under slike forhold vil Vikja gå flaumstor og den auka mengda med tilført forureining vil bli utvaska og difor ikkje føre til skade i elva.

## 5.2 Eventuell masselagring på området er ikkje vurdert

Vik kommune har gitt uttrykk for at dei også ønskjer masselagring for entreprenørar og Vik kommune på området. Dette er ikkje omsøkt.

I Miljødirektoratet sitt faktaark 1243/2018 er det gjort klart at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall. Slike massar må dermed disponerast i tråd med avfallsregelverket. I faktaarket er det informasjon om kva som er meint med jord- og steinmassar som ikkje er forureina, og kva reglane i forureiningslova betyr for disponering av slike massar.

Dersom ein tek imot overskotsmassar frå fleire ulike aktørar/prosjekt over tid må det vurderast om mottaket må ha løyve etter § 29 i forureiningslova som avfallsanlegg. Fare for forureining og om anlegget er skjemmaende vil då vere viktige vurderingstema (støv, støy, partikkelavrenning mv.).

Det må avklarast med Statsforvaltaren om den omtalte masselagringa må ha løyve etter § 29 i forureiningslova. Vik kommune kan ikkje starte mottak av massar før dette er avklart med Statsforvaltaren.

## 6 Klagerett

Vik kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva endringar ein ønskjer. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha betydning for saka, komme fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Toril M Mullen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



**Vedlegg:**

- 1 Løyve etter forureiningslova for Vik kommunr - vilkårsdelen - grøntkompostering - Hesjaslettet - Vik kommune II**



## Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 18.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

Verksemd	Vik kommune
Stad/gateadresse	Stadheimsvegen 161 - Hesjaslettet
Postadresse	6893 Vik
Kommune og fylke	Vik, Vestland
Org. nummer (verksemd)	937498764
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust:370759, nord: 6772142
Gards- og bruksnummer	6/59 og 26/108
NACE-kode og bransje	84.110 - Generell offentlig administrasjon
Kategori for verksemda <sup>1</sup>	-

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnr.
2022.0372.T	4639.0043.01	2021/11056

Løyve gitt første gong: 27. juni 2022	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra: 23. mai 2023
Sissel Storebø seksjonsleiar		Toril Marie Mullen seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

<sup>1</sup> Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven





## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar
1	23. mai 2023	3.1.1	V har lagt til vilkår knytta til grenser for Tot-N, Tot-P, SS og TOC i utsleppet frå avfallsanlegget.
2	23. mai 2023	9.2.2d) er fjerna	Vi har fjerna vilkår om at alt avfall, inkludert ferdig kompost, uavhengig av mengde, skal lagrast under tak og med vern mot vêr og vind i punkt 9.2.2 d)
3	23. mai 2023	11.2	Det skal takast minimum 6 målingar av ammonium i elva/år i eit år. Verksemda skal og gjere ei fagleg grunngitt vurdering av utsleppsmengda av TOC og utrede korleis verksemda kan komme ned med utsleppa frå 120 til 60 mg/l TOC
4	23. mai 2023	11.4	Vi har lagt til vilkår om måleprogram
5	23. mai 2023	12.1	Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvåkingsprogram.



## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Rammevilkår .....</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>Generelle vilkår .....</b>	<b>5</b>
2.1	Utsleppsavgrensingar .....	5
2.2	Plikt til å halde grenseverdier .....	5
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg .....	5
2.4	Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt.....	6
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald.....	6
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare.....	6
2.7	Internkontroll .....	6
<b>3</b>	<b>Utslepp til vatn .....</b>	<b>6</b>
3.1	Utsleppsavgrensingar .....	6
3.1.1	<i>Utslepp frå punktkjelder .....</i>	<i>7</i>
3.1.2	<i>Diffuse utslepp .....</i>	<i>7</i>
3.1.3	<i>Utsleppsreducerande tiltak .....</i>	<i>7</i>
3.2	Sanitæravløpsvatn .....	7
<b>4</b>	<b>Utslepp til luft.....</b>	<b>8</b>
4.1	Utsleppsreducerande tiltak .....	8
4.2	Lukt.....	8
4.2.1	<i>Luktavgrensing.....</i>	<i>8</i>
4.2.2	<i>Luktrisikovurdering .....</i>	<i>8</i>
4.2.3	<i>Plan for å unngå lukt .....</i>	<i>8</i>
4.2.4	<i>Varsling.....</i>	<i>8</i>
4.2.5	<i>Klageregistreringssystem .....</i>	<i>8</i>
4.2.6	<i>Støv.....</i>	<i>8</i>
<b>5</b>	<b>Grunnforureining og forureina sediment .....</b>	<b>9</b>
<b>6</b>	<b>Kjemikal .....</b>	<b>9</b>
<b>7</b>	<b>Støy .....</b>	<b>10</b>
<b>8</b>	<b>Energi.....</b>	<b>10</b>
8.1	Energileiing .....	10
<b>9</b>	<b>Avfall.....</b>	<b>10</b>
9.1	Generelle krav .....	10
9.2	Handtering av avfall .....	11
9.2.1	<i>Mottak av avfall.....</i>	<i>11</i>
9.2.2	<i>Generelle krav til handtering .....</i>	<i>11</i>
9.2.3	<i>Kompetanse .....</i>	<i>12</i>
9.2.4	<i>Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall.....</i>	<i>12</i>



<b>10</b>	<b>Deponi for egne avfall</b> .....	<b>12</b>
<b>11</b>	<b>Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren</b> .....	<b>12</b>
11.1	Kartlegging av utslepp.....	12
11.2	Utsleppskontroll.....	12
11.3	Kvalitetssikring av målingane .....	13
11.4	Program for utsleppskontroll.....	13
11.5	Rapportering til Statsforvaltaren .....	14
<b>12</b>	<b>Miljøovervaking</b> .....	<b>14</b>
<b>12</b>	<b>Tiltak for forebygging og beredskap mot akutt forureining</b> .....	<b>15</b>
12.2	Miljørisikoanalyse .....	15
12.3	Førebyggjande tiltak .....	15
12.4	Beredskapsanalyse.....	15
12.5	Beredskapsplan .....	16
12.6	Beredskapsetablering .....	16
12.7	Øving av beredskap .....	16
12.8	Varsling av akutt forureining .....	16
<b>13</b>	<b>Eigarskifte, omdanning mv.</b> .....	<b>16</b>
<b>14</b>	<b>Nedlegging</b> .....	<b>16</b>
<b>15</b>	<b>Tilsyn</b> .....	<b>17</b>
<b>Vedlegg 1</b>	<b>Liste over prioriterte miljøgifter</b> .....	<b>18</b>
<b>Vedlegg 2</b>	.....	<b>20</b>



## 1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av organisk avfall som er eigna for kompostering.

Tillatne avfallsfraksjonar og mengder er regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 1 i vedlegg 2. Løyvet gjeld for behandling av inntil 400 tonn avfall per år. Mengda avfall på verksemda sitt område skal ikkje på noko tidspunkt overstige 1000 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som er lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall. Tillaten behandling av avfallet er nærare regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

Verksemder som driv med biologisk behandling av organisk avfall må innhente nødvendig godkjenning frå Mattilsynet, jf. gjødselvereforskrifta<sup>2</sup>.

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

---

<sup>2</sup> Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav



## 2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillende prinsippet om bruk av beste tilgjengelige teknikkar for å motverke forureinande utslepp og anna negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

## 2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

## 2.6 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.7.

## 2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>3</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 13.1.

# 3 Utslepp til vatn

## 3.1 Utsleppsavgrensingar

Utslepp frå verksemda til vassførekomsten Vikja nedstrøms Hove kraftverk Vann-nett ID 070-133-R skal ikkje føre til nemneverdig forureining i vatn, sediment eller biota utover nærsone til utsleppspunktet. Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate.

---

<sup>3</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127



### 3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha punktutslepp<sup>4</sup> til vatn frå innandørs avfallshandtering.

Tabell 3.1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar, jf. punkt 11.2

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrense Konsentrasjon (mg/l)
Forureina avløpsvatn frå avfallsanlegget for kompostering av park- og hageavfall (inkl. rundballar)	Tot-P	0,3
	Tot-N	2,5
	SS	60
	TOC	120

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

### 3.1.2 Diffuse utslepp

Verksemda skal sørge for at handteringa av avfall og utsorterte fraksjonar ikkje fører til forureinande utslepp til vatn ved diffuse utslepp. Diffuse utslepp som ikkje kan samlast opp frå uteareal skal avgrensast mest mogleg. Diffuse utslepp skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1.

### 3.1.3 Utsleppsreducerande tiltak

Verksemda pliktar å nytte seg av beste tilgjengelege teknikkar som gjeld denne type verksemdar. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar samt reinsing av forureina avrenning. Dersom miljøovervakinga viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemda pliktig til så snart som praktisk mogeleg å utbetre forholda.

Overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget.

Overvatn frå alle utandørs område med krav til tett<sup>5</sup> eller fast<sup>6</sup> dekke skal samlast opp til punktutslepp.

Ei meir presis og eventuelt også strengare regulering av utsleppsreducerande tiltak for ulike vasstraumar vil bli vurdert med grunnlag i utgreiinga som bedrifta i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren.

Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

## 3.2 Sanitærvløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitærvløpsvatnet frå verksemda.

<sup>4</sup> Punktutslepp er alle utslepp som er samla opp.

<sup>5</sup> Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

<sup>6</sup> Asfalt.



## 4 Utslepp til luft

### 4.1 Utsleppsreducerende tiltak

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, for eksempel lagerområder, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

### 4.2 Lukt

#### 4.2.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper i omgjevnadane skal avgrensast mest mogleg.

Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein måned. Det vil seie 7 timar pr måned.

#### 4.2.2 Luktrisikovurdering

Verksemda skal gjennomføre ei luktrisikovurdering i samsvar med rettleiar TA 3019/2013, vedlegg 3<sup>7</sup>. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

#### 4.2.3 Plan for å unngå lukt

Verksemda skal utarbeide ein plan som skal sikre at luktulemper ved verksemda blir avgrensa. Planen skal vere i samsvar med TA 3019/2013, vedlegg 4. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal luktrisikovurderinga oppdaterast. Verksemda skal utarbeide ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med TA 3019/2013, vedlegg 5.

#### 4.2.4 Varsling

Verksemda skal informere naboar når:

- det er planlagt aktivitet som mellombels kan føre til auka luktbelastning
- mottak av avfall/råvarer som viser seg å gi mykje lukt (ikkje planlagt)
- i situasjonar der utstyr, maskiner eller liknande for behandling sviktar

#### 4.2.5 Klageregistreringssystem

Verksemda skal ha eit system for registrering av luktklagar som skal knytast til geografisk stad og tid. Desse klagene skal loggførast. Klagene bør vurderast mot vêrdata og avvik frå driftsplanen. Verksemda skal gi ei vurdering av årsaka til luktutsleppet, og gi ei skildring av eventuelle tiltak som blir sett i verk. Denne informasjonen skal verksemda gjere kjent for naboane og styresmaktene.

#### 4.2.6 Støv

Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå all støvande aktivitet som til dømes kverning, sikting, transport og lagring av avfall.

Det skal lagast planar for å førebyggje og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 12.1. Ved spesielle vêr- eller driftstilhøve som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om

---

<sup>7</sup> Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013



nødvendig setjast i verk ekstra tiltak. Verksemda må dokumentere kva for vurderingar og tiltak som er gjort for å redusere utslepp av støv.

## 5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skader og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>8</sup>, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

## 6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>9</sup>

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket<sup>10</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

---

<sup>8</sup> Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

<sup>9</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

<sup>10</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516





## 7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Laurdag (kl. 07-23)	Sun-/heilagdag (kl. 07-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv8h}$	$L_{AFmax}$
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

$L_{pAeqT}$  er A-vega gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på timar.

$L_{AFmax}$  som er gjennomsnittleg A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene trede i kraft.

## 8 Energi

### 8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan settast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift i anlegget. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan 31. desember 2024.

## 9 Avfall

### 9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet



først og fremst materialgjennvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjennvinnast på annan måte.

Verksemnda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta<sup>11</sup>.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

## 9.2 Handtering av avfall

### 9.2.1 Mottak av avfall

Mottak av ikkje-farleg avfall skal vere tilstrekkeleg dokumentert slik at vidare handtering er forsvarleg og vil sikre mest mogleg gjenvinning.

Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge avfallet sin samansetnad. Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved verksemnda sitt anlegg, skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve.

Verksemnda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget. Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til kvar tid kan lagrast går fram av tabell 1 i vedlegg 2.

### 9.2.2 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn.

I tillegg gjeld følgjande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf punkt 2.7 Internkontroll og 13 Beredskap.
- b. Verksemnda skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er handtert og lagra.
- c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang.
- d. Alt avfall, inkludert ferdig kompost, uavhengig av mengde, skal lagrast på fast<sup>12</sup> dekke. Dersom risikovurdering viser at det er naudsynt, skal avfallet lagrast på tett<sup>13</sup> dekke.
- e. Verksemnda skal gjennomføre naudsynte tiltak for å hindre spreining og etablering av framande skadelege artar. Risikoen for spreining av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

---

<sup>11</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

<sup>12</sup> Asfalt

<sup>13</sup> Med tett dekke meiner vi fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar



### 9.2.3 Kompetanse

Verksemnda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemnda sin miljørisiko og gjennomføre forbetringstiltak for å sikre at verksemnda driver i tråd med løyve og anna regelverk.

### 9.2.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Verksemnda skal ha eit system for å dokumentere alle naudsynte opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapporter inngå i systemet. Opplysningar om mengde avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengde avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengelege ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

## 10 Deponi for eige avfall

Verksemnda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

## 11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

### 11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemnda skal kartleggje alle utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både punktutslepp og diffuse utslepp. Verksemnda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

### 11.2 Utsleppskontroll

Verksemnda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre vurderingar og målingar. Målingane skal omfatte volumstrausmåling, prøvetaking, analyse og berekning.

Verksemnda skal utrede nivået av ammonium i utsleppet til elva. Det skal takast minimum 6 målingar av ammonium i elva/år i eit år. Vi har ikkje sett grenser for utslepp av ammonium i tabell 3.1, men vi vil vurdere å sette grenser for eventuelt utslepp av ammonium, etter ei vurdering av om verdiane som vert funne er akseptable for livet i elva.

Målingane skal utførast slik at dei vert representative for dei faktiske utsleppa frå verksemnda og dei skal omfatte:

- Utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i løyvet
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemnda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrausmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.



For utslepp av TOC som er regulert i tabell 3.1 skal verksemda gjere ei fagleg grunnlagt vurdering av utsleppsmengda, og utrede tiltak og kostnader for å komme ned på ein grenseverdi på 60 mg/l for TOC innan 1. desember 2024. Basert på utredninga skal Statsforvaltaren ha tilstrekkelege opplysningar til eventuelt å kunne endre utsleppsgrensa.

### 11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømsmåling, prøvetaking og analyse vert utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver.
- Jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

### 11.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll. Dei tre første driftsåra skal verksemda utføre 6 representative målingar av utslepp til vatn per år. Måleprogrammet skal sendast til Statsforvaltaren for godkjenning innan 31. august 2023.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første ledd), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

I programmet skal verksemda utrede nivået av ammonium i utsleppet til elva og dokumentere innhaldet av komponentar som er regulert i punkt 3.1.1. Verksemda skal og utrede korleis ein kan få utsleppa av TOC ned frå 120 mg/l til 60 mg/l innan 1. desember 2024.

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing der dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumane, til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ei grunngeving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.



## 11.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via [www.altinn.no](http://www.altinn.no) når dette vert etablert for avfallsanlegg. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utslpps kontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Inntil rapportering på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) blir tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema sendt frå Statsforvaltaren.

Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ei oversikt over alt avfall som er motteke, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

## 12 Miljøovervaking

### 12.1 Overvaking av resipientar

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingssystem. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

Oppdatert overvakingssystem skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknadar innan 31.12.2023 og ved seinare ved endringar.

Overvakingssystemet skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

### 12.2 Overvaking av resipientar

Bedrifta skal overvake og greie ut korleis utslipp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal gjennomførast etter vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking og skal vise korleis utslipp frå verksemda i dag og tidlegare utslipp har påverka vassførekomsten.

Overvakingssystemet skal vise og grunngi kva for element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, og korleis og i kva for medium (biota, sediment etc.) undersøkinga vil bli gjennomført, skal også gå fram av programmet. Ved behov for endring av overvakingssystemet, skal utkast til endringar med grunngiving sendast til Statsforvaltaren seinast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast.

Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på 6 år. Dersom utslipp frå verksemda eller tilstanden i vassførekomsten blir endra, kan det bli aktuelt å endre frekvensen for overvaking.

Resultata frå undersøkinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Bedrifta skal presentere resultata i form av ein rapport som mellom anna gjer greie



for om det er sannsynleg at bedrifta påverkar vassførekomsten. Første overvakingsrapport skal leverast 1. mars 2025.

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø's importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø's kodeverk er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Bedrifta kan bli pålagt å gjennomføre meir omfattande gransking eller overvaking dersom Statsforvaltaren finn det nødvendig for å kartleggje samla belastning i vassførekomst, jf. forureiningslova § 51. Bedrifta kan bli pålagt å betale for ein del av kostnadane ved ei felles resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i lag med andre bedrifter med utslepp i området.

## 12 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

### 12.2 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemnda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemnda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta hensyn til ekstremvær, flom etc og fremtidige klimaendringar.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### 12.3 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemnda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemnda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### 12.4 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemnda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemnda utarbeide og grunnngi

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.



## 12.5 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

## 12.6 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

## 12.7 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

## 12.8 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift<sup>14</sup>. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:svf/post@statsforvalteren.no) i slike tilfelle.

## 13 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## 14 Nedlegging

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet løper vidare

---

<sup>14</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>15</sup>. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukne kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

## 15 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

---

<sup>15</sup> Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall





## Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

### Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 og punkta etter.

#### Metall og metallsambindingar:

	<b>Forkortelser</b>
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

#### Organiske sambindingar:

<b>Bromerte flammehemmere</b>	<b>Vanlige forkortingar</b>
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

#### Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksineog furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkan C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafin C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkan C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

#### Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

#### Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

#### Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbI
4-tert-pentylfenol	4-t-PP



4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

**Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte fsambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedea perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

**Tinnorganiske sambindingar**

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

**Polysykliske aromatiske hydrokarbon****PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

**Bisfenol A****BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

**Benzotriazolbaserte UV-filter**

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350



## Vedlegg 2

**Tabell 1: Avfallstypar som kan takast imot og mengder som kan lagrast:**

Avfallsstoffnummer	Avfallstype	Mengde (tonn) som til ei kvar tid kan lagrast	Maksimal lagringstid
1131 park- og hageavfall 1143 flis, spon og bark	Park- og hageavfall og strø (flis, spon, bark)	1000 tonn park- og hageavfall, flis, spon og bark inkludert ferdig kompostert hageavfall	6 månader før behandling
Ferdig kompost av 1131 og 1143			12 månader

**Tabell 2: Tillatne avfallstypar, avfallsmengder og behandlingsmåtar:**

Avfallsstoff-nummer	Avfallstype	Årleg mengde (eining/år)	Behandlingsmåtar
1131 park- og hageavfall 1143 flis, spon og bark	Park- og hageavfall og strø (flis, spon og bark) før behandling til ferdig kompost	400 tonn/år hageavfall og flis, spon og bark (strø)	Behandling <sup>16</sup> , kverning, lagring og sikting

<sup>16</sup> Behandling i denne samanhengen er kompostering.